

Interpellasjon

Interpellasjonar er førespurnader som gjeld prinsipielle spørsmål, og interpellanten eller svararen kan fremme forslag. Interpellasjonen skal fremjast skriftleg til ordførar minst 10 dagar før møtet. Interpellasjonar skal som hovudregel leggjast ved utsending av sakslita. Svar vert gjeve i møtet. Interpellasjonen skal takast opp til handsaming etter at møtet er lovleg sett. Handsaming av interpellasjonar skal avgrensast til maksimalt 30 minuttar. Forslag som vert lagt fram i samband med ein interpellasjon kan ikkje avgjerast av møtet dersom møteleiari eller ¼ av forsamlinga set seg imot dette. Interpellant får ordet to gonger kvar, mens andre talarar kan få ordet ein gong kvar.

Grunngjevne spørsmål

Grunngjevne spørsmål skal fremmast skriftleg til ordførar/utvalsleiar minst 4 virkedagar før møtet. Spørsmålet til representanten skal delast ut til medlemmane og framførast munnleg etter at møtet er sett. Svaret vert gjeve munnleg etter at møtet er sett. Det kan gjevast høve til tilleggsspørsmål og tilleggssvar. Forslag kan ikkje fremmast i samband med grunngjevne spørsmål. Det vert maksimalt avsett 20 minutt til grunngjevne spørsmål.